

Hugs konserten i Helgheim ikveld

29.05.2012



Då dei 2 gudbrandsdølane var på Rosendalstunet i mai i fjor vart dette biletet teke

Vi vil minne om konserten i kveld klokka 19

Jon Faukstad (trekkspel/accordion) og Per Sæmund Bjørkum (fiolin) har vore i Uskedalen før og ser fram til å koma attende til det tradisjonsrike ungdomshuset.

Folkemusikkurset med slåttespel som går på tysdagar går ut denne veka og Kvinnherad folkemusikklag sine felespelarar vil koma på konserten.

Vi rår alle med interesse av folke- og gamaldansmusikk om å ta turen til Helgheim.

Etter konserten blir det høve til ein svingom for dei som ynskjer det.

Dagen etter held de to gudbrandsdølane fram turneen med konsertar på Rosendalstunet og Ølve alderspensjonat

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen